



## *Store norske leksikon* sine artiklar om førenamn

*Store norske leksikon* på nettet (SNL, *snl.no*) har utvida materialet med personnamn mykje dei siste åra. Det er lagt til svært mange artiklar om enkeltnamn, og kvar artikkel har fått mykje meir informasjon enn tidlegare. Det er i oktober 2024 i alt 5774 artiklar, der mange er nære eller meir fjerne variantar. For nokre år sidan var det hovudsakleg korte opplysningar om opphav, tyding og talet på fødde i Noreg i perioden 1900–2007. Frå hausten 2023 er talopplysningar sterkt utvida for mange namn i artikkelen. Det omfattar kurver som viser bruk i tida 1800–2022, i prosent av fødde. Det er ein kombinasjon av opplysningar frå Statistisk sentralbyrå (SSB) og frå utrekningar som byggjer på omfattande tilrettelegging av opplysningar frå folketeljningane i 1865 og 1900. I tillegg finst oversyn over bruk av namn for kvart fylke på 1800-talet, både som stolpediagram og i noregskart. Samla tal for berarar sidan 1900 finst frå eldre artiklar, men er elles erstatta med tal i 2022, for første eller einaste førenamn. Andre opplysningar er òg lagde til, slik som tal for bruk som førenamn nr. 2 for mange av namna, første kjende berar for nylaga namn, trendar som mange av namna er del av no og i fortida, og kjende namneberarar som finst elles i SNL, og namnedagar.

Det er òg lagt til ei infoside om kva for materiale statistikkane byggjer på, og korleis framstillinga av dette kan lesast.<sup>1</sup> Namneartiklane er skrivne på nynorsk.

Namneartiklane og statistikken i dei er utarbeidde av Gulbrand Alhaug, med teknisk støtte frå redaksjonen.

Det har vore gjort eit omfattande arbeid med å finne fram til haldbare opplysningar om opphav og tyding for namna. Vi kan sjå at både norske og internasjonale oppslagsverk er brukte, utan at dette er referert til, noko som ville blitt omfattande. Alhaug har gjort eigne faglege vurderingar ut frå dels uklare og motstridande opplysningar, som det ofte er. Jamt over ser dette faglege velfundert ut. Nokre stader kan ein pirke på forklaringar, som eg kjem tilbake til.

Kurvane byggjer, som nemnt, blant anna på SSB sine opplysningar, og er dei same som er publiserte på SSB sine namnesider for tida 1880–2022. Det er data som omfattar innbyggjarar i Noreg fødde frå og med

---

1 Sjå <https://blogg.snl.no/2023/noregs-storste-oppslagsverk-om-forenamn/>.

1880 anten i Noreg eller i utlandet, og som var busette i landet i 1960 (folketeljninga) eller seinare. Døde før 1960 er ikkje med. Desse dataa er viste med ei svart kurve, med markering for kvart år.

Kurvane frå 1800 og fram til 1900 byggjer, som nemnt, på to folketeljningar, for alle personar med opplysningar om fødselsår. For fødde fram til 1865 er 1865-teljninga brukt. For fødde etter det er 1900-teljninga brukt. Dei som har brukt desse teljingane, har erfart at her kan det vera usikker og galen informasjon av fleire grunnar. Det er ulike skrivemåtar mellom kjelder, klart forskjellige namn og ulikt utval av namn for same person. I SNL ser vi ikkje opplysningar om at folketeljningane er kontrollerte mot korkje originale handskrivne dokument eller mot kyrkjebøker (sjå òg Kruken 2012). Det er uklart kor sikre namneopplysningane er, men vi bør kunne rekne med at framstillinga viser hovudtendensar.

Folketeljingsopplysningane for tida fram til 1900 er teikna inn med ei blå kurve som byggjer på gjennomsnitt for kvart femte år. Denne blå kurva med slike gjennomsnitt går òg vidare med SSB-data for tida 1900–2022 saman med den svarte årskurva frå SSB for 1880–2022.

Den blå 5-årskurva for tida 1900–2022 ser ikkje ut til å byggje på same tal som den svarte årskurva, sjølv om alt er frå SSB. Dette er ikkje tydeleg forklart. For dei fleste namna ligg den blå kurva jamt over litt høgare, særleg frå rundt 1980. Ulikskapen ser ut til å henge saman med at den blå kurva har med «berre personar fødde i Noreg», medan den svarte har «fødde i Noreg og utlandet», slik innhaldet i kurvane er omtalt under figurane. Dette inneber at namn som har blitt brukte i Noreg, men lite i andre land, vil vera mindre del av fødde i Noreg og utlandet enn av fødde berre i Noreg. Slik vil til dømes *Ola*, *Odin*, *Even*, *Terje*, *Ludvik*, *Kari*, *Siri*, *Mari*, *Hege*, *Tonje* og *Tone* koma lågare ut samla blant fødde i Noreg og utanlands (svart) enn blant fødde berre i Noreg (blå).

For namn som er mykje brukte i land med mykje innvandring frå, ser vi det motsette, at dei har høgare del av namna for fødde i Noreg og utlandet enn berre i Noreg. Ofte gjeld dette berre for kortare periodar sidan rundt 1980, og kan ha samband med namn som har vore mykje brukte i dei same periodane i landa der innvandrara har kome frå. Eksempel på namn er *Olga* frå Aust-Europa, *Konrad* frå Polen og *Anna* og *Maria* frå mange land.

Slike samband med innvandring blir ikkje omtalte i artiklane på den generelle nettsida om namneartiklane, men det er interessant for å forstå kva namnekurvane inneheld.

For åra 1880–1900 byggjer kurvene både på 1900-folketeljninga frå tida nær fødslane, og som derfor er ganske fyldig, og på folkeregisterdata frå 1960, som berre har med gjenlevande 60–80 år seinare. For nokre namnevariantar ser vi klare forskjellar mellom dei parallelle kurvene for same skrivemåte i denne perioden. Dette kan neppe forklarast med innvandring eller omfanget av data i dei to ulike kjeldene.

Eit tilfelle med ulike kurver er *Olaf* og *Olav*. I artiklane for kvart av desse namna blir det rett nok kommentert at *Olaf* blei bytta ut med *Olav* seint på 1800-talet på grunn av det same skiftet i omsetjinga av Snorres kongesagaer nokre år i førevegen. Denne endringa ser vi klart i kurvene både frå folketeljninga og frå folkeregisteret. Men studerer vi kurvene nærare, ser vi òg at skrivemåten *Olaf* var klart meir brukt i folketeljninga enn i folkeregisterdataa for åra 1880–1900, rekna i prosent av fødde. Og for *Olav* er det motsett, altså meir i *Olav* folkeregisteret enn i folketeljninga. Grunnar til ulikskapar kan vera at dei som førte 1900-teljninga, kan ha følgd dei dei oppfatta som det korrekte, *Olaf*. Dessutan kan dei som førte folkeregisteret ut over 1900-talet, ha følgd dei dei oppfatta som rett på den tida, *Olav*. Eller dei same namneberarane kan sjølv ha endra skrivemåten for sitt eige namn. Men det er nok usikkert om store delar av folket var medvite om skrivemåtar. Av rundt 4 % fødde gutar i alt med desse to namna i 20-års-perioden kan dette avviket ha omfatta rundt kvar tiande gut/mann, slik eg les kurvene. (Kruken (2012) viser at kyrkjebøker på 1800-talet ofte har historisk-dialektiske former, medan folketeljninga i 1900 følgjer meir normerte og moderne former som kom med namnere-nessansen.)

Vi kan tydeleg sjå liknande forskjellar for blant anna *Iver* og *Ivar*, *Ole* og *Ola*, og *Marie* og *Maria*, dels av andre grunnar enn ovanfor.

Alhaugs tilrettelegging av parallelle statistikkar for 1880–1900 frå ulike kjelder har på denne måten opna for konkretisering av interessante perspektiv på endring av stavemåtar i namn for same personar. Slike samanlikningar kan ein jo òg studere endå nærare med å følgje same personar over tid. Dette passar nok betre i andre framstillingar enn i leksikonformatet, men kva som gjer ulikskapane, kunne fortent ein liten merknad på den felles infosida.

Eit omfattande arbeid med desse namneartiklane har vore diagram og kart som viser bruken av dei mest høgfrekvente namna i dei ulike fylka, medrekna det tidlegare fylket Bergen. Den geografiske ulikskapen for

namn var mykje klarare på 1800-talet enn på 1900-talet og seinare, han førte vidare enda eldre lokale særdrag. Dette er såleis svært interessant for innsyn i norsk førenamnhistorie.

Typisk lokale namn som vi finn, er *Brita* i Hordaland og Sogn og Fjordane, *Berta* i Rogaland og Hordaland, *Unni* i Sogn og Fjordane (og litt i Bergen), *Oliver* klart mest i Sogn og Fjordane (av *Ole Iver*), *Tomine* mest i Agder-fylka og litt i nabofylka, *Odin* frå Trøndelags-fylka og nordover, og noko i Bergen, *Anker* i Østfold og Vestfold, *Live* i Buskerud og *Liv* i Telemark, *Tonje* i Aust-Agder og *Tone* i Telemark og litt i Agder-fylka, *Terje* i Aust-Agder og *Tarjei* i Telemark og Aust-Agder, *Gudbrand* klart mest i Oppland og *Gulbrand* fordelt på Akershus, Hedmark, Oppland og Buskerud, *Esten* i Sør-Trøndelag og nabofylket Hedmark, *Jentoft* i Nord-Noreg og *Mattis* i Finnmark.

Ved å studere dei same fylkesstatistikkane finn ein blant anna òg at nokre namn med tysk opphav stod klart sterkast på Vestlandet og nordover. Slike namn var *Gjertrud*, *Gerhard* og *Ulrik*. Nokre som nok hadde komme inn dels frå Nederland (Holland), sto i tillegg sterkt i Agder-fylka, slik som *Eilert* og *Didrik*. Dei opphavleg tyske *Sivert* og *Syver* hadde delt landet mellom seg, med *Sivert* i vest og nordover, og *Syver* på store delar av Austlandet. Det same gjaldt for *Ingebrikt* i vest og nord, *Engebret* i aust.

Stikkprøver i artiklar viser òg at nokre namneformer som blomstra opp med namnerenessansen, gjorde det sterkt i Kristiania (Oslo) og Bergen seint på 1800-talet, slik som *Sigurd*, *Leif*, *Erling*, *Birger*, *Sverre*, *Bjarne*, *Halfdan*, *Trygve*, *Øyvind/Øivin(d)*, *Gudrun*, *Astrid*, *Borghild* og *Solveig*. Mange av dei andre namnerenessansnamna er meir fordelte ut over landet. (Alhaug (2024) har undersøkt skilnad i namnebruk mellom Bergen og nabofylka.)

Til forskjell frå andre namneleksikon er det for nokre namn med talopplysningar om bruk også som andre førenamn, særleg for namn med høg del andre førenamn. Blant namn med meir enn 60 % bruk som andre førenamn er bl.a. *Nikoline*, *Oline*, *Olivia*, *Synnøve*, *Gerhard*, *Adolf*, *Erik*, *Anker* og *Martinius*. Og over 80 % har bl.a. *Marie* og *André*, slik at *Marie* og *André*, som er mykje brukte, stort sett er andre førenamn i folket.

Mange av namna blir sette inn i større kontekst. Det gjeld ofte form og periodar. Blant anna gjeld det einstava namn, tostava med *-a*, *-e*, *-ar* og *-er* til slutt, samansette nordiske namn, *ine*-namn, fleirstava opphavleg

utanlandske namn med *ia-* og *ie-*slutt, andre namn med vokal- og konsonantslutt, og namn med nordisk, og tysk og nedertysk opphav. Alhaug trekkjer òg fram at namn med kompliserte konsonantkombinasjonar som *rt* og *lg*, slik som *Berta* og *Olga*, ikkje har kome tilbake i bruk på 2000-talet. Ofte blir tilsvarande forklaringar brukte i omtaler av fleire namn. Dette er fin formidling av overordna namnekunnskap til folk flest.

Det finst nokre ukklarheiter i namneomtalen.

For namna er det oppgitt tal for 2022, som er eit upresist tidspunkt. På SSBs nettsider kan vi avklare at det gjaldt den 1.1.2023.

Nokre namneforklaringar kan ein nok pirke på. Men slik vil det jo alltid bli med eit stort materiale der mykje forskning nok står igjen. *Eimar* blir forklart som laga, noko som godt kan vera mogleg i delar av landet. Eg kan leggje til at i Fredrikstad-området fanst tidlegare både *Eimar* og *Aimar* om kvarandre, gjerne uttalte med /æj/. Det er rimeleg å sjå dei to namna som variantar av kvarandre, og det kunne ha vore diskutert. *Aimar* blir forklart med tysk opphav i SNL.

*Anker* blir forklart med det danske opphavet ‘onnekar’. Mogleg inspirasjon frå etternamnet *Anker* kunne ha vore nemnt, særleg fordi dette var etternamn på velstående personar i Ytre Oslofjord, der førenamnet særleg kom i bruk (sjå òg NPL).

I omtaler av Alhaug (2011) peiker Leibring (2012) og Utne (2011) på moglege manglar i omtaler av namn. Dei same manglane gjeld for denne nettutgåva.

Jamt over er dette eit populærvitskapleg oppslagsverk på godt fagleg grunnlag, der særleg det statistiske opplegget for bruk over tid og for fylke på 1800-talet er nybrottsarbeid i Noreg. Folketeljingsdataa som er brukt for 1800-talet, er usikre, men dei vil mest truleg ikkje velte hovudtendensane. Opplegget med parallelle data for fødde i åra 1880–1900 bygde på ulike kjelder er interessant for studium av endring i skrivemåtar for same personar over tid.

## Litteratur

Alhaug, Gulbrand. 2011. *10 001 navn. Norsk fornavnleksikon*. Oslo: Cap-pelen Damm.

Alhaug, Gulbrand. 2024. By mot land på 1800-talet – med vekt på kontrasten i namnepopularitet mellom Bergen og Hordaland/Sogn og Fjor-

- dane. I *Ivar Utne og personnavna. Vennekraft til Ivar Utne på 70-årsdagen 22. februar 2024*, red. av Ole-Jørgen Johannessen, 19–35. Oslo: Novus forlag.
- Kruken, Kristoffer. 2012. Kjeldebruken i *10 001 navn* – eit kritisk innlegg. *Studia anthroponymica Scandinavica* 30: 161–164.
- Leibring, Katharina. 2012. [Melding av Alhaug 2011.] *Studia anthroponymica Scandinavica* 30: 165–168.
- NPL = Kristoffer Kruken & Ola Stemshaug. 2013. *Norsk personnamnleksikon*. 3. utg. Oslo: Samlaget.
- Utne, Ivar. 2011. [Melding av Alhaug 2011.] *Namn og nemne* 28: 127–134.

*Ivar Utne*